




## Beredskapshendingar i 2009

I 2009 har Statens strålevern som sekretariat for Kriseutvalet for atomberedskap fått informasjon om fleire mindre hendingar. Det har ikkje vore nokon atomhendingar innanlands eller utanlands som har hatt konsekvensar for Noreg i 2009, men det har vore tilfelle av mindre hendingar med kjelder.



Målingar vert gjort ved Vartdal Gjenvinning nær Ålesund (foto: Strålevernet).

### Radioaktiv lekkasje ved Sellafield i England

I januar var det ein lekkasje av radioaktivt kondensvatn frå eit rør som var kopla til ein ventilasjonskanal ved Sellafield-anlegget. Ingen personar vart skadd. Norske styresmakter vart varsla fem dagar etter denne hendinga.

### Hending på Storskog grensestasjon

I februar vart ein minibuss på veg frå Russland til Noreg stoppa i portalen ved Storskog grensestasjon etter utslag på eit måleinstrument. Passasjerane vart kontrollert, og det vart utslag på

ein person som hadde vore til behandling på eit sjukehus i Murmansk. Vedkommande fekk passere grensa.

### Utslepp av radioaktivt xenon (edelgass) i Belgia

I juni tok Strålevernet imot informasjon frå belgiske styresmakter om at det hadde skjedd ei hending ved ei bedrift nær Charleroi, sør for Brussel. Hendinga førte til utslepp av radioaktivt xenon til atmosfæren. Det var eit forholdsvis lite utslepp, og det var ikkje behov for å setje i verk tiltak overfor befolkninga nær anlegget.



Portalen med måleinstrument ved grensestasjonen på Storskog i Finnmark (foto: Strålevernet).

### Ulovleg import av radioaktive røykvarslarar

I august fekk Strålevernet tips om at det mest sannsynleg hadde funne stad ulovleg import av radioaktive røykvarslarar. Strålevernet opna tilsynssak mot importøren og gjennomførte eit umeld tilsyn i samarbeid med Tollvesenet i Sør-Trøndelag. Strålevernet konkluderte med at det var eit forsettleg brot på regelverket og melde forholdet.



Ulovleg importerte radioaktive røykvarslarar (foto: Strålevernet).

### Radioaktive kjelder på avvegar

I mars gjekk alarmen ved Vartdal Gjenvinning i Ørsta kommune då skrapmetall skulle fraktast ut frå anlegget. Utslaget kom då kjøretyget passerte eit kontrollpunkt utstyrt med instrument som måler stråling. Strålevernet drog til anlegget for å måle og undersøkje lasten. Vi fann ei radioaktiv

cesiumkjelde som vart avsperra og sikra. Saka vart følgt opp etter normale rutinar for denne type hendingar.

I mai vart det også oppdaga ei radioaktiv kjelde ved Norsk Metallretur i Kristiansand. Bedrifta varsla Strålevernet om hendinga. Det vart gitt pålegg til eigar av kjelda.

I juni vart det oppdaga ei radioaktiv cesiumkjelde i Sintef sitt lagerbygg i Trondheim. Strålevernet vart varsla om funnet, og det vart straks sett i verk tiltak for å tryggje kjelda. Det vart gjort målingar som viste at strålingsnivået var så lavt at det ikkje utgjorde nokon fare eit par meter frå sjølve kjelda. Alle som hadde vore i nærleiken av kjelda vart undersøkt. Undersøkingane synte at ingen hadde vore utsett for helsefare. Strålevernet gjennomførte eit oppfølgjande tilsyn i desember før saka vart avslutta. Kjelda kom til Sintef for fleire år sidan saman med anna utstyr i samband med overtaking av eit konkursbu. Behaldaren var ikkje merka med at den inneheldt ei radioaktiv kjelde.

I alle desse tilfella vart dei radioaktive kjeldene tatt forsvarleg hand om, og sendt til deponi for lavt og middels radioaktivt avfall i Himdalen. Det er ikkje mistanke om at nokon vart utsett for helseskadelege stråledosar som følgje av desse hendingane.

### Personar eksponert for røntgenstråling i samband med tryggingsskontroll av bagasje og ved to tollkontrollar

Ved to tilfelle vart personar eksponert for røntgenstråling i samband med ein vanleg tollkontroll av kjørety på Svinesund. I begge tilfella var kommunikasjonssvikt årsak til hendingane. Ved eit tilfelle vart ein person eksponert for røntgenstråling i samband med tryggingsskontroll av bagasje på Gardermoen. Stråledosane var i desse tre tilfella lave.

### Mindre hendingar i industrien

To gongar vart personar utsett for uønska stråling i samband med bruk eller handtering av radioaktive kjelder. Stråledosane var lave.